

**Frå:** Ingrid Raniseth  
**Send:** onsdag 21. desember 2022 08:58  
**Til:** rv@nve.no  
**Emne:** Offentleg ettersyn og høyring- Detaljregulering for Åtun, Alver kommune

## Offentleg ettersyn og høyring- Detaljregulering for Åtun

### Detaljregulering for Åtun gbnr. 108/161, PlanId 4631 2021 004

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 har Utval for areal, plan og miljø 07.12.2022, som sak 153/22, gjort vedtak om å leggja planframlegg ut til offentleg ettersyn.

*SE arkitektur legg fram på vegne av Vestbo BBL detaljregulering for eit område på om lag 12 daa på Lindås. Planframlegget sitt hovudformål er å regulere for 25 bueiningar fordelt på to bygg med tilhøyrande leike- og uteareal. Tilkomst til området er frå fylkesveg Fonnebostvegen via kommunalveg Storbruhaugen.*

Planframlegget omfattar følgjande dokument:

1. Planskildring
2. Føresegner
3. Plankart
4. ROS -analyse
5. Merknadsskjema
6. Merknader
7. Trafikkanalyse
8. Naturmangfoldsrapport
9. VA-rammeplan
10. Medvirkning barnehage
11. Illustrasjonsplan
12. Illustrasjonar
13. Oppriss og fasader
14. Terreng- og bygningsnitt
15. Sol- og skyggeillustrasjoner
16. Uteopphaldsareal
17. Grad av utnytting

18. Vegtegninger
19. Utrekning gesims- og mønehøgd
20. Brannkonsept
21. Avklaring planinitiativ
22. Saksframlegg
23. Visualisering Postveg notat
24. Visualisering Postveg 1A
25. Visualisering Postveg 1B
26. Visualisering Postveg 1C
27. Visualisering Postveg 2A
28. Visualisering Postveg 2B
29. Visualisering Postveg 2C

Framlegg til plan vert ved høyring og offentleg ettersyn kunngjort i avisa Nordhordland og på kommunen si heimeside. Grunneigarar, berørte naboar, lag og organisasjonar og offentlege instansar vert direkte tilskrive.

Plandokument og vedtak er tilgjengeleg på heimesida under [Høyringar og kunngjeringar](#).

### **Perioden for offentleg ettersyn er sett frå 21.12.2022 – 03.02.2023**

Merknader til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan du sende e-post til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no), eller sende brev til Alver kommune, Postboks 4, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til Planforvaltning.

### **Merknadsfrist er sett til 03.02.2023**

Vi ber om at NVE særskilt ser på følgjande: Jf. føresegn § 3.1.1.12.c i planframlegget er alminneleg skjøtsel av vegetasjon langs bekken tillate. Vi ynskjer tilbakemelding frå aktuelle høyringsinstansar om dette er i strid med vannressursloven § 11.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ingrid Raniseth  
Rådgevar



**ALVER**  
KOMMUNE